

# **SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND**

## **Årsmelding 2013**

## **Årsplan 2014**



### **Syns- og Audiopedagogisk Senter**

Besøksadresse: Sandbrekkeveien 27, Paradis

Postadresse: Postboks 6039, 5892 Bergen

Sentralbord: 55 92 35 30

E-post: [synogaudio@bergen.kommune.no](mailto:synogaudio@bergen.kommune.no)

Heimeside: [www.bergensskolen.no/synogaudio](http://www.bergensskolen.no/synogaudio)

### **Syns- og Audiopedagogisk Teneste Stord**

Besøksadresse: Borggata 32, Stord

Postadresse: Postboks 335, 5402 Stord

Telefon: 53 40 11 16/18

# **SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND**

## **ÅRSMELDING 2013**

### **Innhold**

<b>1.</b>	<b>Årsmelding Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland 2013</b>	<b>side 3</b>
1.1	Generelt om tenesta	side 3
1.2	Utviklingstrekk innan resultateininga sine tenester i 2013	side 3
1.3	Resultateininga sine hovudmål/satsingsområde i 2013 – måloppnåing	side 4
1.4	Organisatoriske forhold	side 4
1.5	Samarbeid/nettverk/målgrupper	side.4
1.6	Register-syn og hørsel	side 5
1.7	Formelle organ	side 5
1.8	Arbeid med synshemma i 2013	side 5
1.9	Arbeid med hørselshemma i 2013	side 6
1.10	Kompetansespreiing/kompetanseoppbygging	side 6
1.11	Helse, miljø og tryggleik	side 7
1.12	Økonomi	side 7
<b>2.</b>	<b>Oversikt over brukarane</b>	<b>side 8</b>
2.1	Generelt	side 8
2.2	Brukarane av audiopedagogisk teneste fordelt på kommunane og alder	side 9
2.3	Brukarar av synspedagogisk teneste fordelt på kommunane og alder	side 10
2.4	Brukarane av audiopedagogisk teneste fordelt etter kategori	side 11
2.5	Brukarane av synspedagogisk teneste fordelt etter kategori	side 11
<b>3.</b>	<b>Årsplan 2014</b>	<b>side 12</b>
3.1	Innleiing	side 12
3.2	Overordna mål	side 12
3.3	Oppdrag og fagleg profil	side 12
3.4	Satsingsområder i 2014	side 13
3.5	Internt HMS-arbeid	side 13

# **1. ÅRSMELDING SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND 2013**

## **1.1 Generelt om tenesta**

Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland (heretter kalla SAPT) skal sikra kommunane og fylkeskommunen tenester på område der desse ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse sjølv.

SAPT gjev tilbod til personar med dokumenterte syns- og hørselstap, og som har rett til opplæring etter Opplæringslova; og/eller som oppfyller krav til bistand i samsvar med Lov om folketrygd. Tenesta gjev bistand til brukarar i alle aldrar. Bistanden består av faglege råd og vegleiing til brukarar, føresette, lærarar og anna personale i barnehagar og skular, helsepersonale og arbeidsgjevarar, samt leggja til rette og vera rådgjevarar ved praktiske og tekniske tiltak for barn, unge og vaksne med særskilte behov i heim og skule.

Tenesta sine tilsette har i 2013 vore samansett av 5,3 audiopedagogar ( 6 personer) og 5,4 synspedagogar ( 8 personar), sekretær i 90% stilling og leiar i 100% stilling .

Hovudkontoret er lokalisert på Paradis(Bergen)-lokalisert saman med Statped vest.

SAPT leigde fram til 31.12.13 kontorlokale på Voss. Medarbeidar som har hatt sin arbeidsplass der (audiopedagog), flytta til vårt kontor i Bergen ved utgangen av 2013.

Vi er også lokalisert på Stord, 1 audiopedagog (100% stilling) og 1 synspedagog (35% stilling).

Tenesta er finansiert gjennom eit interkommunalt samarbeid mellom dei 33 kommunane i fylket og Hordaland fylkeskommune.

Arbeidsgjevar (vertskommune) for tenesta er Bergen kommune.

Tenesta har eit eige styre der alle eigarane, brukarorganisasjonar og dei tilsette er representerte. Kommunane sine representantar var i 2013 frå høvesvis Fjell og Bømlo. Styreleiar er frå vertskommunen.

## **1.2 Utviklingstrekk innanfor resultateininga sine tenester i 2013**

SAPT har i 2013 vore prega av endra dimensjonering og ny avtale.

Tenesta har stått for utgreiing/kartlegging av syns- og hørselsfunksjonar hos tilmelde brukarar som har rett til bistand frå det offentlege i samsvar med gjeldande lov-/regelverk. Det er gjeve råd og rettleiing til brukarar, føresette, pedagogar og anna personale i barnehagar og skular, helsepersonale, arbeidsgjevarar o.a., samt lagt til rette og vore rådgjevarar i forhold til praktiske og tekniske tiltak for barn, unge og vaksne med særskilte behov i heim og skule. Tenesta har hatt innlegg på konferansar, kurs og samlingar.

Arbeidet omfatta også å bistå PPT med sakkunnig vurdering i saker som gjeld syns- og hørselsproblematikk og bistå ved utprøving av hjelpemiddel – inkl. datatekniske hjelpemiddel og elektronoptisk utstyr.

Vidare har tenesta delteke i oppbygging i nettverk omkring brukarar og mellom hjelpeinstansane, utvikla og helde kurs for brukarar, føresette, personale i barnehagar og skular, helsepersonale og andre samarbeidspartnarar.

### **1.3 Resultateininga sine hovudmål/satsingsområder i 2013**

Hovudmåla er både system- og brukarretta.

Dei systemretta hovudmåla er arbeid knytt til nettverksarbeid, samarbeidsrutinar med andre faglege instansar og etatar, informasjon og kurs. Hovudmåla for brukarretta tiltak er å bidra til at barn, unge, vaksne, eldre og deira nettverk får ei god fagleg vurdering, vegleing og oppfølging.

2013 har vore prega av å implementera Avtale om Syns- og Audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT) mellom kommunar i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, gjeldande 01. 01. 2013-31.12.2016, i arbeidet vårt.

Plattform for tenesta er revidert i tråd med ny avtale. Dette arbeidet er gjort i faggrupper og i fellesskap med heile personalet. I dette arbeidet har det også vore fokus på utvikling av ein lærande organisasjon; utvikla kompetanse og utvikla fleksibilitet i arbeidsmåtar og organiseringsformer.

Personalet har arbeidd med verdiar nedfelte i Bergen Kommune sin HR strategi; KÅPE

**Kompetent - Åpen - Pålitelig - SamfunnsEngasjert**

SAPT har med utgangspunkt i denne, utarbeidd eiga verdiplattform:

#### **INKLUDERING OG LIVSKVALITET**

- SAPT sine tjenester skal kjennetegnes ved god kvalitet og høy faglig kompetanse i et tverrfaglig samarbeid som kommer tjenestens brukere til gode
- SAPT skal være en inkluderende arbeidsplass der alle medarbeidere lojalt bidrar til å virkeliggjøre tjenestens visjoner, mål og verdier
- SAPT skal arbeide i et langsiktig perspektiv, og bidra til at syns- og hørselshemmede inkluderes som likeverdige deltakere i samfunnet

Vidare arbeid med tenesta sitt innhald ut frå nye mål, rammer og retningslinjer vil verta vidareført i 2014.

### **1.4 Organisatoriske forhold**

2013 er det 7. året tenesta har vore lokalisert saman med Statped vest i Bergen.

Statped vest har sagt opp leigeavtalen med SAPT med verknad frå 01.01.2015.

Statped vest har behov for lokala til eigne føremål.

I samarbeid med Byrådsavdelingen og Etat for Bygg og Eiendom i Bergen kommune, er det sett i gang arbeid med å finna nye lokale i Bergen.

Styret i SAPT vedtok 4.12.2012 å seie opp leigeavtalen til kontoret på Voss gjeldande frå 31.12.2013.

Pr 31.12.2013 vil alle audiopedagogane og synspedagogane (med unntak av Stord), ha sin arbeidsplass i Bergen. Personalmessige og økonomiske disposisjonar vi rår over, må vurderast i forhold til best mogeleg tilbod til brukarar i heile fylket. (jfr. Punkt 1.3 i avtalen, »SAPT sine tenester skal kjennetegnes ved: God tilgjengelighet og brukernærhet«).

Vanskeområda syn og hørsel har kvar sin faglege koordinator. Desse funksjonane fortset fram til utgangen av 2016, då tenesta sin gjeldande avtale med fylket og kommunane går ut. Fagleg koordinator-syn er også leiar sin avløyser ut denne perioden.

## 1.5 Samarbeid/nettverk/målgrupper

Tenesta ynskjer å bidra til eit best mogeleg samarbeid med aktuelle aktørar. Vi har eit omfattande samarbeid med ei stor mengd faggrupper, ulike institusjonar, skular/barnehagar, helseføretak, interesseorganisasjonar, kommunal helse- og sosialteneste, kompetansesentra, arbeidsgjevarar, utstyrsleverandørar, hjelpemiddelsentral, samt føresette, brukarar og kommunane.

Målgrupper er personar med dokumenterte syns/hørselstap med rett til opplæring etter gjeldande lov- og regelverk; Opplæringslova, samt hjelpemiddel etter Lov om folketrygd .

Alle som har ein reell hørsels-/synsvanske, kan få hjelp frå tenesta; dokumentasjon er epikrise frå spesialist. I utgangspunktet vert det ikkje stilt noko krav til kven som kan søkja om bistand frå tenesta. Alle, også brukaren sjølv, kan ta kontakt med tenesta for bistand.

## 1.6 Register-syn og hørsel

SAPT er pålagt å føra register over brukarar av tenesta. (Jfr. Konesjon av 1994 ved Statens utdanningskontor).

Alle brukarar av syns- og audiopedagogiske tenester er registrerte (etter eige samtykke).

## 1.7 Formelle organ

**Arbeidsmiljøgruppe :** Verneombod, tillitsvald og leiar  
8 møter

**Koordineringsmøter:** Fagleg koordinator for Syn/Hørsel og leiar  
Planlegging fellesmøter  
12 møter

**Styremøter:** 4 møter  
Drift, økonomi, fagspørsmål

## 1.8 Arbeid med synshemma i 2013

- Synsutgreiing/synsfunksjonsprøving
- Oppfølging av synshemma born/pedagogisk tilrettelegging/deltaking i ansvarsgruppemøter
- Foreldresamarbeid
- Utprøving/tilrettelegging/opplæring vaksne/eldre synshemma
- Nettverksarbeid
- Kurs og informasjonsarbeid
- Planarbeid
- Registrering
- Samarbeidsmøter (kompetansesentra, sjukehus, NAV-Hjelpemiddelsentralen, andre)
- Kompetansespreiing og kompetanseoppbygging
- SAPT har i samarbeid med ulike aktørar som arbeider med synshemma og i regi av Helse Bergen, avslutta første del av eit prosjekt som m.a. har som føremål å kartleggja livssituasjonen for ulike grupper synshemma. I tillegg har ein arbeidd med å få ei oversikt over om det er mange som ikkje får den bistand dei har krav på – spesielt gjeld dette eldregruppa. Dette arbeidet fortset i og med at dei aktuelle faggruppene fortset sitt arbeid mot dei einskilde målgruppene. Faggruppene rapporterer til et vald fagråd for syn i Bergen og Hordaland.

## 1.9 Arbeid med hørselshemma i 2013

- Oppfølging av barn og unge
- Foreldresamarbeid
- Oppfølging av vaksne tunghørte, døve og tunghørtblitte/døvblitte
- Utprøving av hørselstekniske hjelpemiddel
- Kontakt og samarbeid med andre instansar
- Hørselutgreiing born
- Samarbeid med Haukeland Universitetssykehus – Høresentralen, Helse Fonna, NAV Arbeidsrådgivning for hørselshemmede, NAV Hjelpemiddelsentralen, Statped vest, Rådgivningskontoret for hørselshemmede og døvblinde i Bergen, Hørselshemmedes Landsforbund, Bergen Døvesenter og Lærings- og mestringssenteret i Bergen om planlegging og gjennomføring av ulike kurs for hørselshemma i yrkesaktiv alder.
- Samarbeid med Fylkesaudiografen gjeldande kurs for nye eldre høreapparatbrukarar.
- Kurs- og informasjonsverksemd
- System- og planarbeid
- Registrering
- Arbeidsplasstilrettelegging i samarbeid med NAV ARK og NAV Hjelpemiddelsentralen
- Samarbeid med brukarorganisasjonane, HLF og Bergen Døvesenter
- Oppfølging av eldre

## 1.10 Kompetansespreiing

### Kompetansespreiing syn

Hovuddelen har vore kompetanseoverføring til helseetaten og til pedagogar i barnehage og skule knytt til individsaker. Nokre av nettverkskursa har vore i samarbeid med Statped midt. I tillegg kjem kurs i samarbeid med Lærings- og mestringssenteret, for synshemma i yrkesaktiv alder.

### Kompetansespreiing hørsel

Kursa har vore innanfor emneområda kommunikasjon og audiopedagogiske spørsmål gjeldande konsekvensar av ulike hørselstap og aktuelle tiltak. I tillegg har Audiopedagogisk Teneste saman med Lærings- og mestringssenteret og kompetansenettverket for hørsel vore medarrangør for kurs for gruppa tunghørte/døvblitte i yrkesaktiv alder.

## 1.11 Helse miljø og tryggleik

SAPT oppretta si eiga arbeidsmiljøgruppe 01.01.2013.( tidligare felles AMU med Statped vest).

SAPT si arbeidsmiljøgruppe består av verneombod, tillitsvald ( Utdanningsforbundet) og leiar.

Tenesta har utarbeidd «Helse, miljø og sikkerhetshåndbok for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland (SAPT) Arbeidsmiljølov og forskrift om systematisk HMS-arbeid» .

Den er i tråd med retningslinjer for Bergen kommune og tilpassa SAPT.

## 1.12 Økonomi

Brutto utgifter i 2013: kr. 11 419 800

Utgiftene vert fordelte slik mellom eigarane:

Hordaland Fylkeskommune dekkjer 10 %

Dei andre kommunane dekkjer resten.

Fordelingsnøkkel:

Innbyggjartal pr.31.12 etter SSB sin innbyggjarstatistikk.

Brutto driftsutgifter minus sjukelønnsrefusjon og evt. salsinntekter utgjer berekningsgrunnlaget for utgiftsfordelinga.

Kommunalt og fylkeskommunalt vederlag for SAPT vert betalt etterskotsvis og forfell til betaling 1. mai det påfølgande år etter rekneskapsåret, etter refusjonskrav frå Bergen kommune.

## 2 OVERSIKT OVER BRUKARANE

### 2.1 Generelt

Brukarane av **audiopedagogisk teneste** er hørselshemma som grunna sitt høretap har funksjonsvanskar.

Dette gjeld døve og tunghørte, men også dei med variabel hørsel.

Audiopedagogisk teneste registrerte 121 nye tilmelde i 2013.

Totalt har registeret 1665 brukarar inkl. 85 saker som vart avslutta ved utgangen av året.

Dei hørselshemma er kategoriserte i følgjande grupper:

- 1 Døv
- 2 Sterkt tunghørt
- 3 Moderat tunghørt
- 4 Lett tunghørt
- 5 Einsidig tap
- 6 Variabelt tap
- 7 Døvblind/Kombinert syns- og hørselshemming
- 8 Hørselshemma m/tilleggsvanskar
- 9 Usikker/ikkje diagnostisert

Brukarane av **synspedagogisk teneste** er i hovudsak synshemma etter WHO-kategoriseringa der synsstyrke (visus mindre enn 0,3) og synsfelt inngår som kriterium.

#### **WHO-kategoriar:**

WHO-kategori 0	visus betre enn 0,3	mild/ingen synssvekking
WHO-kategori 1	visus mellom 0,3 og 0,1	moderat synssvekking
WHO-kategori 2	visus mellom 0,1 og 0,05	alvorleg synssvekking
WHO-kategori 3	visus mellom 0,05 og 0,02	blind
WHO-kategori 4	visus mellom lyspersepsjon og 0,02	blind
WHO-kategori 5	Ingen lyspersepsjon	blind
WHO-kategori 9	Ubestemt eller uspesifisert	

I tillegg er brukarane registrerte i følgjande kategoriar:

Kategori 8                      Multihandikappa

Synspedagogtenesta registrerte 299 nye brukarar i år 2013.

Totalt har registeret 3630 brukarar, inkl. 321 saker som vart avslutta ved utgangen av året.

## 2.2 Brukarane av *audiopedagogisk teneste* fordelte på kommunar og alder

Alder/ Kommune	0-2 år	3-5 år	6-9 år	10-12 år	13-15 år	16-18 år	+ 19 år	27-66 år	+67 år	Sum
Askøy	0	4	10	9	7	4	6	17	10	67
Austevoll	0	0	2	1	5	2	2	6	3	21
Austrheim	0	0	1	4	1	1	0	0	0	7
Bergen	2	5	49	92	59	61	97	252	274	891
Bømlo	1	1	1	5	9	2	3	8	8	37
Eidfjord	0	1	1	0	0	0	0	2	0	4
Etne	0	0	0	0	1	2	3	0	2	8
Fedje	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Fitjar	0	0	0	2	2	2	2	3	1	12
Fjell	0	0	6	8	11	1	6	21	15	68
Fusa	0	0	1	1	1	0	1	1	4	9
Granvin	0	0	0	0	1	1	1	2	2	7
Jondal	0	0	0	0	0	0	0	1	2	2
Kvam	1	2	3	2	1	3	4	9	7	32
Kvinnherad	0	1	3	5	9	5	8	6	3	40
Lindås	1	1	3	5	9	3	9	13	4	48
Masfjorden	0	0	2	2	1	2	0	1	2	12
Meland	0	0	2	5	3	1	1	3	0	15
Modalen	0	0	0	0	0	0	1	0	0	1
Odda	0	2	1	3	3	5	1	4	3	22
Os	0	0	1	6	4	4	5	8	21	49
Osterøy	0	0	0	3	2	1	4	6	6	22
Radøy	0	1	4	0	3	3	1	2	0	14
Samnanger	0	1	0	0	0	0	0	3	0	4
Stord	2	4	6	5	9	6	12	20	19	83
Sund	0	0	3	7	3	1	2	6	2	24
Sveio	0	1	0	4	0	3	1	4	1	15
Tysnes	0	0	1	6	2	2	6	2	0	19
Ullensvang	0	0	1	0	0	0	6	6	6	20
Ulvik	0	0	0	0	1	1	1	1	2	6
Vaksdal	0	0	0	0	1	0	1	2	8	12
Voss	0	2	3	3	2	2	8	18	46	84
Øygarden	0	1	0	1	3	1	0	3	4	13
<b>Sum</b>	<b>7</b>	<b>27</b>	<b>104</b>	<b>179</b>	<b>153</b>	<b>119</b>	<b>192</b>	<b>430</b>	<b>454</b>	<b>1665</b>
<b>Prosent</b>	<b>0,4</b>	<b>1,6</b>	<b>6,2</b>	<b>10,8</b>	<b>9,2</b>	<b>7,1</b>	<b>11,5</b>	<b>25,8</b>	<b>27,2</b>	<b>100,0</b>

## 2.3 Brukarar av synspedagogisk teneste fordelte på kommunar og alder

Alder/ Kommune	0-2 år	3-5 år	6-9 år	10-12 år	13-15 år	16-18 år	+ 19 år	27-66 år	+67 år	Sum
Askøy	1	4	9	2	6	1	11	38	84	156
Austevoll	0	0	1	2	1	1	4	15	16	40
Austrheim	0	0	0	1	0	0	3	4	8	16
Bergen	10	20	47	33	33	38	81	420	1258	1951
Bømlo	0	0	3	0	0	0	7	13	51	74
Eidfjord	0	0	0	0	0	0	1	2	11	14
Etne	0	0	1	0	0	1	2	2	12	19
Fedje	0	0	0	0	0	0	0	0	6	6
Fitjar	0	0	0	0	0	1	0	2	9	12
Fjell	0	4	4	3	8	7	3	27	59	116
Fusa	0	1	0	0	2	0	3	5	15	26
Granvin	0	0	0	1	1	0	7	0	16	25
Jondal	0	0	0	0	0	0	1	0	4	5
Kvam	0	1	1	1	6	4	7	12	47	79
Kvinnherad	1	0	0	2	0	0	3	14	67	87
Lindås	1	4	2	1	2	2	8	24	89	133
Masfjorden	0	0	0	0	1	0	4	3	14	24
Meland	0	0	2	1	0	0	3	13	18	37
Modalen	0	0	0	0	0	0	0	1	1	2
Odda	0	2	1	5	2	0	5	12	73	100
Os	0	0	2	4	4	2	8	16	39	75
Osterøy	1	0	2	1	3	0	3	6	32	48
Radøy	0	0	0	2	0	1	1	10	34	48
Samnanger	0	0	0	2	0	0	0	0	12	14
Stord	1	1	1	1	2	4	7	31	76	124
Sund	1	1	1	2	1	3	2	4	17	32
Sveio	0	1	2	0	0	1	2	6	13	26
Tysnes	0	0	0	0	0	0	1	1	23	25
Ullensvang	0	0	0	1	2	2	1	6	27	39
Ulvik	0	0	0	0	1	1	0	3	9	14
Vaksdal	0	2	1	1	1	2	1	8	32	48
Voss	0	2	2	9	9	6	14	21	118	181
Øygarden	0	1	0	2	2	0	2	7	20	34
<b>Sum</b>	<b>16</b>	<b>44</b>	<b>82</b>	<b>77</b>	<b>87</b>	<b>77</b>	<b>195</b>	<b>727</b>	<b>2325</b>	<b>3630</b>
<b>Prosent</b>	<b>0,4</b>	<b>1,2</b>	<b>2,3</b>	<b>2,2</b>	<b>2,4</b>	<b>2,2</b>	<b>5,4</b>	<b>20</b>	<b>64</b>	<b>100</b>

## 2.4 Brukarane av *audiopedagogisk teneste* fordelte etter kategori

Tekst	Tal	Prosent
Døve (1)	171	10,2
Sterkt tunghørte (2)	387	23,1
Moderat tunghørte (3)	478	28,6
Lett tunghørte (4)	224	13,4
Einsidige tap (5)	132	7,9
Variable tap (6)	118	7,1
Døvblinde (7)	9	0,5
Usikker/ikkje diagnostiserte (8)	28	1,7
Ubesvarte	69	4,4
Ikkje hørselshemma (9)	48	2,9
<b>Sum</b>	<b>1665</b>	<b>100 %</b>

## 2.5 Brukarane av *synspedagogisk teneste* fordelte etter kategori

Tekst	Tal	Prosent
WHO kategori 0 Mild/ingen synssvekka	1060	29,2
WHO kategori 1 Moderat synssvekka	1777	48,9
WHO kategori 2 Alvorleg synssvekka	205	5,6
WHO kategori 3 Blinde	136	3,7
WHO kategori 4 Blinde	92	2,5
WHO kategori 5 Blinde	54	1,5
WHO kategori 9 udefinerte	121	3,3
Kategori 8 Multivanskar	133	3,6
Ikkje registrerte/diagnostiserte	52	1,4
<b>Sum</b>	<b>3630</b>	<b>100 %</b>

### 3. ÅRSPLAN 2014

#### 3.1 Innleiing

Kommunane i Hordaland og Hordaland fylkeskommune inngjekk 01.01.2013 ein ny avtale om Syns- og Audiopedagogisk Teneste (SAPT) gjeldande til 31.12.2016. Den nye avtalen inneber, i forhold til tidligare avtale, ein reduksjon i den totale drifta av tenesta på 25 % i avtaleperioden. 2013 har vore prega av å tilpassa tenesta ut frå endra dimensjonering og ny avtale. Dette arbeidet vert vidareført i 2014.

Bergen kommune er vertskommune for SAPT med arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. SAPT har eit eige styre der eigarane, brukarorganisasjonar og tilsette er representerte. Styreleiar er seksjonssjef for skole i Byrådsavdelingen for skole og barnehage, Bergen kommune. SAPT har 8 synspedagogar fordelt på 5,5 stillingsheimlar og 6 audiopedagogar fordelt på 5,3 stillingsheimlar. Reduksjonen etter endra dimensjonering er størst i synspedagoggruppa. SAPT har også 1 stilling for kontorsekretær - 90% og einingsleiar i 100% stilling.

#### 3.2 Overordna mål og prinsipp

*Det overordna målet for SAPT er å yte syns- og audiopedagogiske tenester til brukarar med dokumenterte hørsel- eller synstap med rettar etter Opplæringslova og Lov om Folketrygd.*

*Prioriterte grupper er born og unge under opplæring.*

*SAPT sine tenester skal kjenneteiknast ved :*

*God kvalitet og høg fagleg kompetanse i eit tverrfagleg samarbeid som kjem brukarane til gode*

*Godt tilgjenge og brukarnærleik*

#### 3.3 Oppdrag og fagleg profil

SAPT skal sikra fylkeskommunen og kommunane tenester på område der desse ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse sjølv.

Tenesta må spesielt vera merksam på **Godt tilgjenge og brukarnærleik** etter ny avtale, endra dimensjonering og avvikling av lokalet på Voss ,årsskiftet 2013/2014.

Tenestene frå SAPT gjeld syns- og audiopedagogisk rådgjeving for brukarar busette i Hordaland fylke, og skal omfatta (jf. avtalen):

- Bistand til dei opplæringsansvarlege/PPT/OT i kommunar og fylkeskommune med faglege råd og vegleiing i brukarsaker.
- Syns- og audiopedagogisk rådgjeving og rettleiing til brukarar, føresette og deira nettverk.
- Deltaking i etablering og oppbygging av nettverk med relevante samarbeidspartnarar.
- Utvikling og gjennomføring av kurs for brukarar og samarbeidspartnarar.

- Utarbeiding av tenlege tilbakemeldingsrutinar til eigarane av tenestene.
- Utarbeiding av gode rutinar for samarbeid med brukarar og aktuelle instansar.
- Tilrettelegging og rådgjeving gjennom praktiske og tekniske tiltak for born , unge og vaksne med særskilte behov i heim, skule og daglegliv.

### **3.4 Satsingsområder 2014**

Ut frå endra dimensjonering av SAPT og ny avtale med kommunane i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, vil 2014 vera prega av vidareutvikling av tenesta. SAPT har som mål å sikra oppdragsgjeverane best mogeleg informasjon om kva for tenester SAPT kan tilby. Gjennom samhandling med oppdragsgjeverane vil tenesta arbeida for lokal forankring i brukarsaker.

Kompetanseheving med vekt på vegleiarrolla vil inngå som eit felles satsingsområde for alle tilsette. Parallelt vil faggruppene vurdere behov for kompetanseheving innanfor sine fagfelt.

Dei tilsette vidarefører arbeidet med verdiar nedfelt i Bergen kommune sin HR strategi; KÅPE, og implementering av SAPT si eiga verdiplattform i internt og eksternt arbeid.

#### **Nye lokale/rekruttering**

Flytting av Bergenskontoret til nye lokale ved årsskiftet 2014/15, vil innebære endringar for dei tilsette. Prosessen med å skaffa eigna lokale er sett i gang, og vil vera tema i personalgruppa.

I løpet av 2014 går tre av dei tilsette i SAPT av med pensjon. Det er to synspedagogar og ein audiopedagog. Desse tre er i dag tilsette på pensjonistvilkår, og dekkjer til saman ein 100% stilling. I samband med at dei tre tilsette avsluttar sine arbeidsforhold, vil rekruttering til tenesta også inngå som ein del av satsingsområdet for SAPT.

### **3.5 Internt HMS-arbeid**

- Tilsette verta kjende med ny HMS handbok for tenesta
- Syte for at både fysiske og trivselsmessige forhold i fellesskap er ivaretekne på beste måte.
- Dialogmøter mellom tillitsvald og leiar
- Møter med verneombod
- Arbeidsmiljøgruppe
- Medarbeidarundersøking
- Medarbeidarsamtalar
- Personalsamling
- Vernerundar
- Førstehjelpskurs for alle tilsette

